

*Harpe
og dolk*

Forfattar, omsetjar og kulturperson

☞ Halldis Moren var fødd i Trysil i 1907. Barndomsheimen var prega av kjærleik til litteratur og kultur, og alt i ein alder av ni år debuterte ho med ei historie i Norsk Barneblad. I 1934 gifte ho seg med forfattaren Tarjei Vesaas. Ho flytte til Vinje i Telemark og vart buande på garden Midtbø saman med mannen sin. Etter at ho vart enkje i 1970, busette ho seg i Oslo.

☞ Halldis Moren Vesaas debuterte som lyrikar i 1929 med samlinga *Harpe og dolk*. I perioden fram til 1955 gav ho ut i alt seks diktsamlingar. Den siste samlinga hennar, *Livshus*, kom ut like etter at ho døydde i 1995. I tillegg til lyrikken gav ho ut memoarar, essaysamlingar og barnebøker. I tida etter andre verdskrigen arbeidde ho mellom anna for Det Norske



Samlaget og Det Norske Teatret. Her vart ho kjend som ein svært dugande omsetjar av dramatikk. Ho omsette mellom anna Shakespeare og Racine til nynorsk.

☞ Moren Vesaas var ein aktiv og sentral deltakar i norsk kulturliv. Ho hadde framstående verv i Riksteatret, i Den norske Forfatterforening og i Norsk kulturråd. Ho var sterkt oppteken av nynorsk skriftspråk, og i ein periode var ho medlem av Norsk språknemnd. Også folk i Vinje naut godt av engasjementet til Moren Vesaas og kunnskapen hennar om litteratur, kultur og samfunn. I fleire år sat ho mellom anna som skulestyrar i bygda.

☞ For forfattarskapen og kulturengasjementet sitt fekk Halldis Moren Vesaas fleire prisar. I tillegg vart ho utnemnd til kommandør av St. Olavs Orden i 1984 og æra av franske styresmakter for arbeidet sitt med å fremme fransk litteratur.



Halldis Moren Vesaas har omsett mange utanlandske forfattarar til norsk, mellom anna den franske diktaren Molière

Kvinneliv sett med kvinneauge

☞ Lyrikken til Halldis Moren Vesaas krinsar tematisk om livet til kvinna i ulike fasar. Ho skriv om kjærleik, morsrolla, erotikk, kvardagslivet og om søking etter eigen identitet. Med debutsamlinga *Harpe og dolk* vart Moren Vesaas ei ny og viktig stemme i samtidslyrikken. Aldri tidlegare hadde ei kvinne skrive så tett og intimt om levd kvinneliv. Mens mannlege lyrikarar dikta om kvinner som objekt for kjærleiken sin, var kvinna i Moren Vesaas' tekstar eit handlande subjekt – det var hennar kjensler, drifter og tankar som stod i fokus.

☞ Moren Vesaas skreiv om røynsler og opplevingar som var felles for kvinner – ho skildra den første menstruasjonen, kjensla av å bli mor, og ho skreiv om kvin-

nas seksuelle drifter. Trass i at desse emna førte til ein del negative reaksjonar frå det etablerte lyrikkmiljøet, fekk Moren Vesaas straks ein stor lesarskare. Livsvisdommen ho formidla gjennom dikta sine, appellerte til mange, og framleis blir dikta hennar ofte lesne ved høgtidlege høve som bryllaup og gravferd.

☞ Eit typisk tema i diktinga til Halldis Moren Vesaas er motsetninga mellom å høyre saman med nokon og å vere fri og sjølvstendig. Korleis kan ein finne ein balanse mellom desse to motstridande behova? I diktet «Ord over grind» seier ho klart at det finst ei grense for kor langt inn i livet til kvarandre vi kan gå dersom vi ikkje vil miste oss sjøve. Vi må respektere behovet vi har for eit rom som berre er vårt eige. Først da har eit forhold sjanse for å lykkast.



Halldis Moren Vesaas om det å vere eit sjølvstendig menneske



Foto: Rolf Chr. Ulrichsen / Aftenposten / Scanpix



*Du går fram til mi inste grind,
og eg går fram til di.
Innanfor den er kvar av oss einsam,
og det skal vi alltid bli.*



*Aldri trengje seg lenger fram
var lova som galdt oss to.
Anten vi møttest tidt eller sjeldan
var møtet tillit og ro.*

*Står du der ikkje ein dag eg kjem,
fell det meg lett å snu
når eg har stått litt og sett mot huset
og tenkt på at der bur du.*

*Så lenge eg veit du vil koma iblant
som no over knastrande grus
og smile glad når du ser meg stå her,
skal eg ha ein heim i mitt hus.*

Forelsking og begjær

☞ Både Halldis Moren Vesaas, Aslaug Vaa og Inger Hagerup var pionerar i litteraturen. Dei skildra sider ved kvinnelivet som til da var skildra med mannens blikk, eller som det ikkje hadde vore skrive om i det heile. Dette gjaldt særleg kvinnenes seksuelle drifter og erotiske lengt. Halldis Moren Vesaas fekk kritikk for å skildre kvinna som ein aktiv part i det seksuelle samlivet. I diktet «Bølgje» frå samlinga *Strender* (1933) bruker ho havet som symbol i si skildring av seksualiteten:

*Enn smakar det hav av oss, vi som vart kysst
og vogga og femnt av det gårsdagen lang,
du er som det når du tek meg i fang,
bølgje er du, mot munn og bryst.*

☞ Moren Vesaas skildrar både ungt og intenst begjær og korleis ein på eldre dagar kan oppleve forelskinga og det rusande

begjæret på nytt. I diktet «Har vandra så langt» er det eit meir roleg og avklart bilete av forelskinga som blir teikna. Diktet fortel om eit levd liv – eit liv der ho har fått «plukke så mange» av «livsens blomar». Når ho så trur at det ikkje står att fleire forelskingar og kjærlege møte, blir ho overraska:

*I staden for dødens blomsterhage,
kald, kvit og stiv,
duvar framfor deg eit vell av blomar
som gløder av liv, av liv.*

☞ Også i den siste livsfasen kan ein møte kjærleiken, ei røyst som kviskrar: «Det er vi. Det er eg og du.»



I 2007 var det hundre år sidan Halldis Moren Vesaas blei født. Posten markerte hundreårsjubileet med eit eige frimerke. Foto: Erik Johansen / Scanpix

Felleskap og kvardagslykke

☛ Under og etter andre verdskrigen skreiv Halldis Moren Vesaas fleire dikt med motiv og tema henta frå krigen. Som elles i lyrikken sin er ho også her opp-teken av mellommenneskelege relasjonar. Ho skriv om korleis ei mor kjempar for å halde motet oppe og for å skape ein mest mogleg normal kvardag for barna sine, og ho skildrar samhald og felleskap med sterk innleving.

☛ Moren Vesaas skildrar også lykka som ligg i livet som husmor og mor. I motsetning til andre samtidige røyster i litteraturen er ho ikkje interessert i å leite etter lykka ein annan stad – for Moren Vesaas er det viktig å finne lykka i det livet ein faktisk lever. Dikta hennar er ei oppmøding til å ta vare på det som er verdt å ta



Forfattarane Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas heime på garden i Vinje i 1964.

Foto: Rolf Chr. Ulrichsen / Aftenposten / Scanpix

vare på, og til å finne lykka i det nære og kvardagslege. Og kanskje er det nettopp her vi finn nøkkelen til å forstå Moren Vesaas' popularitet som lyrikar: Gjennom lyrikken inspirerer ho lesaren til å omfamne livet i alle fasar og finne lykka der vi er.

Verken tradisjonalist eller modernist

☞ Halldis Moren Vesaas pendla fritt mellom ein tradisjonell og ein modernistisk uttrykksmåte. Somme forskarar hevdar at det er nyttelaust å prøve å plassere Moren Vesaas innanfor ein litterær bås – til det har lyrikken hennar ein altfor sterk personleg klang, og publikum omfamna dikta uavhengig av forma dei var skrivne i.

☞ Noko av det som særmerkjer diktinga til Halldis Moren Vesaas, er bruken av naturen som symbol og verkemiddel. Ho samanliknar for eksempel den siste fasen i livet med ei islagd eng med visne blomar, mens begjæret blir kopla til duvande enger og lukta av fruktbar jord. Eit gjennomgangssymbol i lyrikken hennar er treet, og eit av dei mest kjende dikta er «No plantar kvinna» frå 1945. I dette diktet bruker ho treet som symbol på atterreisninga etter krigen.



*No plantar kvinna i verda eit tre.
På kne liksom ein som bed
ligg ho blant restene etter dei mange
som stormen har brote ned.
På ny må ho prøve, om ein gang eitt
får vekse seg stort i fred.*

Frå diktet «No plantar kvinna» (1945)



